

KM 11/05 Forretningsorden for Kyrkjemøtet § 2-2

Saksdokumenter:

11.1/05 Saksorientering

Innstilling frå komité A

Samandrag av saksorienteringa

Bispemøtet (8.–9. februar 2005) vedtok å melde for Kyrkjemøtet 2005 ei sak om endring av § 2–2 i forretningsorden for Kyrkjemøtet. Endringa fører til at Kyrkjemøtet på eige initiativ skal gi Bispemøtet høve til å seie si meining i alle saker som gjeld læra, før desse sakene blir behandla i Kyrkjemøtet. Kyrkjemøtet 2004 endra forretningsorden for å lage samsvar mellom forretningsorden og dei nye reglane for liturgi behandling. Etter denne endringa er ordlyden i § 2-2 andre leddet i forretningsordenen slik:

”Kirkemøtet fatter vedtak om hvilke saker som skal behandles og om behandlingsmåten. Saker som omhandler kirkens liturgi og salmebok skal være behandlet i henhold til reglene for saksbehandling i liturgisaker før endelig vedtak om ordninger fattes. Økumeniske læresaker forelegges Bispemøtet før behandling i Kirkemøtet. Bispemøtet får på anmodning andre saker til læremessig uttalelse før behandling i Kirkemøtet.”

Sett i relasjon til fråsegna frå Bispemøtet i 1994 og den praksis som er laga i forholdet mellom Kyrkjerådet og Bispemøtet, kjem ordlyden i forretningsordenen til kort på fleire punkt.

Regelen seier ikkje at alle saker som gjeld læra, skal leggjast fram for Bispemøtet før behandling i Kyrkjemøtet. Etter regelen er det berre saker som gjeld liturgi og salmebok og økumeniske læresaker som automatisk skal leggjast fram for Bispemøtet. Bispemøtet har likevel høve til å handsame også andre saker som gjeld læra, før sakene blir handsama i Kyrkjemøtet, men då på eige initiativ.

Med den forkorta og forenkla teksten inneber endringsforslaget at forretningsordenen blir tydelegare.

Komiteen sine merknader

Komiteen sluttar seg til Kyrkjerådet sitt framlegg til vedtak. Komiteen er samd i at endringa i § 2-2 inneber ei forenkling og klargjering av forretningsordenen.

Komiteen ynskjer ikkje å definere kva saker som gjeld læra, men påpeiker at det er eit ansvar for sakshandsamar og dei organa som handsamar slike saker.

Framlegg til vedtak

Paragraf 2–2 andre leddet i forretningsordenen for Kyrkjemøtet blir endra til:

Kirkemøtet fatter vedtak om hvilke saker som skal behandles, og om behandlingsmåten. Saker av læremessig karakter forelegges Bispemøtet før behandling i Kirkemøtet. Saker som omhandler kirkens liturgi og salmebok, skal være behandlet i henhold til reglene for saksbehandling i liturgisaker før endelig vedtak om ordninger fattes.

Plenumsbehandling

Dirigent: Benedicte Aschjem

Saksordfører: Ann-Mari Aas

Kyrkjemøtet sitt vedtak

Paragraf 2–2 andre leddet i forretningsorden for Kyrkjemøtet blir endra til:

Kirkemøtet fatter vedtak om hvilke saker som skal behandles, og om behandlingsmåten. Saker av læremessig karakter forelegges Bispemøtet før behandling i Kirkemøtet. Saker som omhandler kirkens liturgi og salmebok, skal være behandlet i henhold til reglene for saksbehandling i liturgisaker før endelig vedtak om ordninger fattes.

82 røysteføre. Samrøystes vedteke.